



Reiner Strauss frå Düsseldorf i Tyskland var ein av dei svært fornøgde gjestene i Uskedalen denne sommaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Overveldande og positive var orda prosjektleiar Kristan Bringedal nytta då han under ein pressekonferanse torsdag vart spurd om konklusjonane sine på spørjeundersøkinga til Uskedalen Utvikling om korleis båt- og feriegjestene likar og finn seg til rette i bygda.



Kristian Bringedal og Torfinn Myklebust går gjennom svara frå spørjeundersøkjinga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

175, nesten alle båt-turistar, har svara og det er ikkje mykje negativt å finna i materialet. Det skal no nyttast til å forbetra tilbodet enda meir neste sommar.

Bringedal visar til nær toppscore både på service, informasjon og toalettstandard.



Dei som blir lenge i Uskedalen om sommaren ligg gjerne i Øyro Marina. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Her er eit samandrag av svara:

*På spørsmålet om kvitor gjesten valde Uskedalen som feriemål svarar 75 av 211 at det var t tilrådd av andre/slekt og vener, 30 at dei hadde høyrte om plassen og lese om han på Uskedalen.no, 23 etter turar i naturen og fjellet, 4 etter fiske i elva og fjorden, 11 på grunn av arrangement som festival og låvedansar og 68 av andre årsaker.

*27 prosent brukar Uskedalen som fast ferieplass medan 73 prosent er her meir tilfeldig. 63 prosent er her i 2-3 dagar, 25 prosent ein dag, 7 prosent ei veke og 5 prosent to veker eller meir. Dei fleste som har lengre opphold er på Øyro Marina.

*71 prosent kjem frå Vestlandet, 25 prosent frå Kvinnherad, 23 prosent frå Sunnhordland/Hardanger, 2 prosent frå Norge ellers, 2 prosent frå Tyskland og ein halv prosent frå andre land.

84 prosent av dei spurde kjem i båt, 6,5 prosent i hytte/vogn, 6 prosent overnattar på Solheim eller Dønhaug og 3,5 prosent privat eller i feriehus/hytte.

*Eit spørsmål gjeld korleis gjesten vart motteken og her svarar 135 av 141 som har vore i båthamnane godt medan berre 5 er middels godt mottekne og ein har fått dårleg mottaking. 113 av 118 som har vore i butikker er godt mottekne, medan 4 er middels godt mottekne og ein er dårleg motteken.

23 gjestar på campingplassane har svara og her er 20 godt og 3 middels godt mottekne. Under rubrikken "overnattingsplassar" har 17 svara godt og sin middels. Av 40 som har vore på Vertshuset har 35 svara godt, 4 middels og ein dårleg og av 4 fiskarar i elva har 3 svara godt og ein middels.

*På spørsmål om kor godt nøgde dei er med informasjonen dei har fått om Uskedalen svarar 48 av 52 god under nettsida.no medan 4 svarar middels. Under brosjyrar, kart og anna infomateriell svarar 103 av 110 god og 7 middels. Under skilting svarar 147 av 159 god, 12 middels og 2 dårleg. Under rubrikken "vertskapet og i møte med menneske" svarar 119 av 120 god og ein dårleg.

*Eit spørsmål gjeld generelt inntrykk av toaletta, det sanitære og renovasjon og her svarar 144 av 150 bra og 6 dårleg.

På spørsmålet om gjesten vil koma attende til Uskedalen ved eit seinare høve svarar 63 prosent "truleg til neste år" og 37 prosent "ja, alt i år".

Dagleg leiar i SPAR Bente Nilsen seier at dei også i butikken svært sjelden får negative kommentarar om Uskedalen.

-Folk storkosar seg her og stort sett har dei berre positive kommentarar, sjølv når veret er dårleg, seier Bente.

Ho opplyser at omsetnaden til SPAR har vore omtrent som i fjor denne sommaren og at juli er ein betre månad for dei enn desember.

Båtlaget kan på si side melda om det same gjestebåt-talet som i fjor.

Av Ola Matti Mathisen